

# 1 Sak 2 b) Årsmelding for 2 fylkestingsgruppa til Troms SV for 3 2024

## 4 Fylkestinget og gruppeleiing

5 Fylkestingsvalet i 2023 førte til at Høgre, Arbeidarpartiet, Kristeleg Folkeparti, Venstre og  
6 Miljøpartiet dei Grøne gjekk saman i eit fleirtalssamarbeid, mens SV, saman med Raudt,  
7 Senterpartiet, Nordkalottfolket, Industri- og Næringspartiet og Framstegspartiet utgjer  
8 mindretala. Fleirtalet har 19 representantar i fylkestinget, mens mindretalspartia har 18. SV  
9 har eit valteknisk samarbeid med dei andre partia i mindretala om fordeling av posisjonar til  
10 styrar, råd og utval.

11 SV har 4 faste representantar i fylkestinget. Dei er Bjarne Rohde, Katrine Boel Gregussen,  
12 Lars Eirik Grotdal og Siv Elin Hansen. I tillegg til dei faste representantane har følgande  
13 vararepresentantar møtt i fylkestinget for Troms SV: Parabaran Rajalingam, Sigrid Bjørnhaug  
14 Hammer, Reinaldo Montalvao, Manar Kalaaji og Anne Birgit Nilsen. Fylkestinget har hatt fire  
15 ordinære møte (over 3-4 dagar) og to ekstraordinære møte (digitalt på teams) i 2024.

16 Bjarne Rohde var gruppeleiar og medlem av fylkesutval og forretningsutval i 2024, fram til  
17 han fekk fritak frå fylkesutvalet i desember på grunn av auka arbeidsmengde som følgje av  
18 verv i Heimevernet. Lars Eirik Grotdal vart vald som nytt medlem av fylkesutvalet for SV,  
19 mens Katrine Boel Gregussen tok over som gruppeleiar og medlem av forretningsutvalet.

## 20 SVs representasjon i styre, råd og utval

21 SV har medlemmar i følgande utval:

- 22 - Fylkesutvalet: Bjarne Rohde (fram til des. 24), Lars Eirik Grotdal (frå des. 24)
- 23 - Hovudutval for kompetanse: Lars Eirik Grotdal (fram til des. 24), Parabaran  
24 Rajalingam (frå des. 24)
- 25 - Hovudutval for kultur og helse: Siv Elin Hansen
- 26 - Hovudutval for næring, klima og miljø: Katrine Boel Gregussen
- 27 - Forretningsutvalet: Bjarne Rohde (fram til des. 24), Katrine Boel Gregussen (frå des.  
28 24)
- 29 - Partssamansett utval: Bjarne Rohde

30 I det valtekniske samarbeidet med dei andre mindretalspartia har også SV  
31 vararepresentantar til hovudutval for Samferdsel, og dei fleste andre råd og utval i  
32 fylkeskommunen.

33 I tillegg har SV følgande verv gjennom fylkestinget (her er ikkje tatt med varaplassar som SV  
34 har i diverse styrer, råd og utval):

- 35 - KS fylkesmøte: Katrine Boel Gregussen
- 36 - Sparebankstiftelsen Sparebank 1 Nord-Norge: Edvin Eriksen
- 37 - Kvænangsbott og Navldalen landskapsverneområdestyre: Siv Elin Hansen
- 38 - Bedriftsforsamlinga Troms Kraft: Katrine Boel Gregussen
- 39 - Styret Fagskolen i Nord: Bjarne Rohde

41 **Politiske saker**

42 SV har i 2024 drive ein aktiv opposisjonspolitikk. Vi har levert 7 interpellasjoner og spørsmål,  
43 og 5 forslag til fråsegner frå fylkestinget. Eit stort fleirtal støtta forslaget vårt om at  
44 «Fylkestinget forventar realisering av Nord-Noregbanen» i mars 2024 (berre Høgre stemte  
45 imot), og i juni fekk SV fleirtalet i fylkestinget med på vedtak om å ikkje kjøpe varer produsert  
46 av ulovlege israelske busettingar i okkupert Palestina. SV har også fått fleirtal for fråsegner  
47 om å styrke finansieringa av studiesentra, og om å bevare ambulansetilbodet i heile fylket.  
48 (Sjå lister over interpellasjoner og spørsmål, og fråsegner lenger ned.)

49 Av andre større saker som har blitt behandla i fylkestinget i 2024, var Sannings- og  
50 forsoningskommisjonens rapport (mars), høyringa om «bærekraft i Helse Nord» (april,  
51 ekstraordinært møte), og tilbodsstrukturen i vidaregåande opplæring (desember), i tillegg til  
52 budsjettet for fylkeskommunen for 2025 (behandla i desember 2024).

53 I høyringa på Sannings- og forsoningskommisjonens rapport, foreslo SV fleire endringar som  
54 forbetrinigar av innstillinga frå administrasjonen. Mellom anna vart det peika på korleis  
55 tilpassingar til storsamfunnet fører til tap av kunnskap mellom anna om heimeslakt og  
56 mattradisjonar, og SV foreslo at ein må lovfeste befolkningas rett til dei marine ressursane.  
57 Det vart nedstemt. Eit anna forslag frå SV om å sikre befolkningsgrunnlag og motverke  
58 avfolking av dei samiske områda fekk derimot stort fleirtal i fylkestinget.

59 I innspela til Helse Nord foreslo SV fleire formuleringar for både å ivareta tilbod i distrikta  
60 (særleg DPS), om å avvikle helseforetaksmodellen, og om å redusere avhengigheita av  
61 private helseaktørar. Vedtaket frå fylkestinget i den saka har noko av distriktperspektivet  
62 med seg, men ingen av SVs forslag fekk fleirtal i salen.

63 Tilbodsstrukturen i vidaregåande opplæring vart ei sak der hovudprinsippet for SV var at det  
64 ikkje var nødvendig med det som i realiteten blir irreversible kutt av linjer akkurat no. I  
65 prosessen med tilbod på dei vidaregåande skolane, vart det bestemt at det skal komme ein  
66 større gjennomgang allereie om to år, og då meinte SV at dei nedleggingane som var  
67 foreslått i denne omgangen burde vente. Vi veit heller ikkje kor mange fleire som skal ha  
68 vidaregåande opplæring som følgje av at den såkalla «fullføringsreforma» no er innført, noko  
69 som gjer at alle (også alle vaksne) har rett til å få fullført vidaregåande opplæring slik at dei  
70 får seg eit fagbrev eller vitnemål. IB-linja og hestefag på Senja, maritim elektrikar i Tromsø  
71 og frisør i Harstad er tilbod som fleirtalet i fylkestinget vedtok å legge ned.

72 Budsjettet heng saman med tilbodsstruktur, og i budsjettsaka foreslo SV inndecking for  
73 tilbodsstrukturen vi ønska. Vi foreslo også å stoppe arbeidet med samanslåing og bygging av  
74 ny vidaregåande skole i Harstad, og heller pusse opp eksisterande bygg.

75 I mange øvrige saker har også SV stått på for å trekke sakene i meir rettferdig, meir  
76 distriktsvennleg og meir klima- og miljøvennleg retning. Av og til får vi eit lite gjennomslag,  
77 men det gjennomgåande er at fleirtalspartia har blitt einige på førehand, og det visast til dels  
78 godt når miljøpartia i koalisjonen har fått eit ørlite gjennomslag, og kor dei har blitt nøydd til å  
79 ta til takke med smular eller ingenting.

80 Mykje tid har også gått med til å få ein god styringsmodell på plass, etter at fleirtalspartia  
81 ikkje fekk stort nok fleirtal til ein parlamentarisk styreform under konstitueringa hausten 2023.  
82 For SV har det i styringa av Troms fylkeskommune vore spesielt fokusert på lik tilgang til  
83 informasjon og gode arbeidsforhold for folkevalde, rettferdig fordeling av makta i fylkestinget,  
84 samt ein nøktern godtgjeringsmodell.

85 *Interpellasjoner og spørsmål frå SV:*

- 86 - Kjeveortopedi/tannregulering (interpellasjon, Parabaran Rajalingam, juni)  
87 - Unngå innkjøp av varer som fører til folkerettsbrott (interpellasjon, Bjarne Rohde, juni)  
88 - Beredskapsplaner og vedlikehold fylkeskommunale kaier (spørsmål, Parabaran  
89 Rajalingam, oktober)  
90 - Økt matproduksjon og matsikkerhet i Troms (interpellasjon, Parabaran Rajalingam,  
91 oktober)  
92 - Tannhelseutvalgets rapport (interpellasjon, Siv Elin Hansen, oktober)  
93 - Omstrukturering av ambulansetjenesten i fylket (spørsmål, Siv Elin Hansen,  
94 desember)  
95 - Formannskapsmodellen som styringsform (spørsmål, Katrine Boel Gregussen,  
96 desember)

97 *Fråseigner frå SV:*

- 98 - Troms fylkesting forventar realisering av Nord-Noregbanen (mars, vedtatt)  
99 - Vern av Melåa og Jonsheimen på Hinnøya (juni, avvist)  
100 - Styrk finansiering av studiesentrene i Troms (oktober, vedtatt)  
101 - Troms fylkesting vil stille strengere krav til oppdrettsanlegg (desember, avvist)  
102 - Bevar ambulansetilbudet i hele Troms (desember, vedtatt)

103 **Oppsummering**

104 Fylkestingsgruppa har ved eit par høve hatt noko redusert kapasitet på grunn av forfall på  
105 kort varsel, men dette er vanskeleg å komme utanom for eit middels stort parti. Likevel har  
106 gruppa levert forslag og interpellasjoner, og deltatt aktivt i debattane i fylkestinget, med ein  
107 tydeleg SV-profil i mange saker. Framover bør det vera eit mål å dyrke samarbeid med dei  
108 andre mindretalspartia, særleg Raudt og Senterpartiet, med mål om å kunne vise fram at det  
109 kan finnast alternative fleirtal i fylkestinget (Ap og MDG vil ha fleirtal saman med SV, Sp og  
110 R).

111